



Området rundt huset vert nydeleg innramma av flotte steinmurar.

Før helga var Brødrene Musland Maskin AS sine maskinar å sjå i fullt arbeid i alle fall to stader i Uskedalen. I sentrum var dei godt i gang med arbeidet dei skal utføra på neste byggjesteig i Gull av grus-prosjektet, medan dei i Ospelunden finpussa rundt ein ny einebustad m.a. med å laga nydelege gråsteinsmurar.

I dag starta dei på ferien. Innimellom at han kosa seg som ferist, kunne Roar Musland fortelja at arbeidet med Gull av grus-prosjektet vil halda fram litt etter ferien. Så langt ser det flott ut, og vi kjem tilbake til dette som eiga sak. I Ospelunden har Roar vore meister for nydeleg muring og finpuss rundt huset til Shirley og Jan Nordli. Alt er flott utført med imponerende presisjon. Fine murar er også Roar kjent for frå tidlegare. Mest kjent er kanskje ein stor mur han bygde opp på Stord. Bladet Sunnhordland omtala muren som var 100 m lang og 10 m høg som eit meisterverk. Det uskedalen.no skreiv, [kan de lesa her](#).

Elles er det veldig kjekt å høyra at Roar Musland kan melda om at firmaet har godt med arbeid framover. - Største jobben vi har no, er eit hyttefelt på 21 tomter på Seljestad som skal tilretteleggjast. Elles har vi bra med jobb rundt om i kommunen så det ser bra ut ut året og til vinteren, er dei gode utsiktene framover som han kan fortelja om.

Roar og broren Tore starta firmaet Brødrene Musland Maskin i 2006. Dei er no 5 fast tilsette i firmaet.



Dei fine murane gjer tilkomstpartiet fint og samstemt.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland